

Til
Olje- og energidepartementet
Seksjon for konsesjonar
Energi- og vannressursavdelingen
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Knaben Kraft AS

c/o Kvinesdal Kommune

Nesgata 11

4480 KVINESDAL

geir.netland@kvinesdal.kommune.no
Ktr 38352806 Mob 94504452

Liknes, 4. mai 2020

OED sak 2019/2325 Tilleggsinfo til planendringssøknaden for Stølen Kraftverk

Vi viser til epost frå Erlend Støle Hansen 8. april til Olav Skeie med spesifisert behov for tilleggsinfo i samband med omsøkt endring drivemetode på vassvegen, frå opphavleg planlagt retningsstyrt boring til konvensjonell tunnel.

MASSEMENGDE FRÅ TUNNELEN

Tverrsnittet på tunnelen som skal drivast er det minste moglege tverrsnittet, som ivartek HMS-krav ifht ventilasjon, i.e. 14 m². Drivelengde inkludert sjakt er om lag 530 meter, som med faktor 1,7 på forholdet fastmasse/lausvolum, tilsvarar 12.600 lm³. Vanleg kapasitet på lastebil er 7 lm³, så i praksis betyr det eit samla transportvolum på 1800 lass, og halvparten i fall entreprenøren vil nytte 3-aksla tilhengar.

PLANLAGT DISPOSISJON AV MASSANE – INTERNT I PROSJEKTET


INTERNT: Konsesjonsgitt opprusting av den bomstengde traktorvegen frå Reinshommen til Finndalsdammen har eit massebehov i storleiksorden 2,2 km x 3,5 m breidde x 0,4 m toppdekke, dvs. 3080 lm³.



PLANLAGT DISPOSISJON AV MASSANE – EKSTERNT

Tiltakshavar er særst oppteken av godt samarbeid og god dialog med lokalsamfunnet ifht tilpassing av detaljplanane og gjennomføring av utbygginga. Ultimo mars var det planlagt folkemøte på Knaben, som blei terminert pga Covid19. Som alternativ løysing blei det då sendt ut om lag 90 prosjektinfobrev, og det er gjennomført dialog med brukarorganisasjonar på Knaben, eksempelvis diverse Hyttevel, Visit Knaben og Knaben Utvikling. Positiv høyringsuttale og løysingsforslag fylgjer i vedlegg (5).

Ut i frå eit klima- og minimalisert inngrepsperspektiv ynskjer tiltakshavar å unngå deponi, og det er gjort eit omfattande arbeid for å kartlegge lokalt behov som er forankra i godkjente reguleringsplanar. Konklusjonen er då at omsøkt og godkjent massebehov lokalt på Knaben overgår mange gonger "overskotsmassen" frå tunneldrifta. Konsekvensen av dette er ein "vinn/vinn-situasjon" både miljømessig og økonomisk for tiltakshavarane av reguleringsplanane og Knaben Kraft AS. Kvanta og geografisk lokalisering er samanstillt nedanfor i kart/tabell, og detaljar i den godkjente reguleringsplanen fylgjer vedlagt i dei respektive vedlegga.



ALTER-NATIV	Lokasjon	Godkjent reguleringsplan	Kapasitet/ Behov (m ³)	AVSTAND (km)	Kg/CO ₂ -utslepp (0,726 kg/km)
1	Lysløype Store Knabetjødn Skiskytteranlegget	Områderegulering Vedtak 2019	10 - 13.000 1.000	0,4	880
2	Knaben Alpin- og Aktivitets-senter, GBNr 191/2/2	11.10.2000 Sak 2197/2000	7.000	2,1	4 620
3	Masseuttak GBNr 191/2 Anton Ivar Hunsbedt	23.10.2018 Sak 506/2018	60.000	3,8	8 360
4	Kvilia Hyttefelt m/badeplass GBNr 191/x Magne Solås	17.04.2013 Sak 886/2010	5.000	7,0	15 400
SUM	Totale disponibel avsetning		85.000		

Konklusjonsmessig, så er det altså i nærområdet godkjente reguleringsplanar med eit behov for fjellmassar på 85.000 m³ innanfor ein transportavstand på 7 km frå tunnelpåhogget. Behovet er 9.500 m³. Tunneldrifta vil gå over 4 månadar. Her skal arbeidet synkroniserast, slik at mottakande entreprenør, eksempelvis for lysløpa, anvender massane direkte.

I detalj-prosjekteringsfasen vil det bli inngått privatrettslege avtalar med ein eller fleire av dei respektive. Som eit addendum kan det nemnast at Sira Kvina Kraftselskap, som har fått positiv innstilling frå NVE til konsesjonen for Knaben-Solli overføringa, har signalisert at dei i evt detaljplanar er viljuge til å finne andre lokasjonar for masse-avhendinga frå prosjektet.

BUDSJETT 2009 – 2019 – 2020

Reviderte budsjett med 2020-tal fylgjer i vedlegg 6, i lag med opphavleg budsjett i konsesjonssøknaden frå 2009 samt 2019-tal. Konklusjonen er at alternativet med retningsstyrt borryng krev 26,1 Mkr og 14 m² tunnel kan realiserast for 24,5 Mkr. Dei respektive spesifikke prisane blir 3,3 og 3,1 kr/kWh, noko som er svært konkurransedyktig ifht bransjens snitt. Ihht NVE Fakta Teknologianalyse 2019/7, så er LCOE for vasskraft < 10 MW 32 øre/kWh for investeringa, og 7 øre/kWh for drift.

Vonar dette dekkar infobehovet for vidare snarleg sakshandsaming. Ta kontakt pr tlf/mail i fall spørsmål.

Me tillet oss å be om ei snarleg sakshandsaming !

Med helsing

for Knaben Kraft AS, p.p.

Geir Netland

Enhetsleder Teknisk Drift, Kvinesdal kommune



VEDLEGG:

VEDL 1 A: Print_A4L_29.04.2020_10.16 Alternativ 1.pdf
VEDL 1 B: Massebehov Rundløype Store Knabetjødn.pdf
VEDL 2 A: Print_A4S_29.04.2020_09.56 Alternativ 2.pdf
VEDL 2 B: Reguleringsplanbestemmelserf Alpinanlegg Parkering.pdf
VEDL 3 A: Hunsbedt Plankart.pdf
VEDL 3 B: Dispensasjon forlengelse frist avslutning masseuttak.pdf
VEDL 4 A: Plankart Kvilia Hyttefelt.pdf
VEDL 4 B: Vedtak Kvilia Hyttefelt.pdf
VEDL 5: Knaben Utvikling SA 2020-04-01 Uttale tunellmasse Stølen Kraftverk.pdf
VEDL 6: Budsjett Stølen Kraftverk.pdf

KOPI:

- Visit Knaben v/Leif Hunsbedt
- Reinshommen Hyttevel v/Morten Aareskjold
- Knaben Utvikling SA v/Jan Rob

